

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 9. august 2011.

Tilstades: Regionordfører Anne-Nora Oma Dahle, Bjørn Nome, Solveig Sundbø Abrahamsen, Torstein Tveito, Arne Vinje, Olav Urbø, Sverre Sæther, Per Dehli, Hans Bakke, Tor Eivind Erikstein og regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes.

Elles møtte: Jon Skriubakken, Halvard Ripegut, Lars Bjådal, Eilev Erikstein og Haldor Kaasin.

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 44/2011 Samtaler omkring dei tragiske hendingane på Utøya og i Oslo.

Rådsmøtet starta denne gongen med eitt minutt stillhet for å minnst dei som gjekk bort i samband med dei tragiske hendingane på Utøya og i Oslo. Anne-Nora innleia med å oppsummere dei sterke hendingane og verknadene dette har på oss i regionen. Prostdiakon Eilev Erikstein var tilstades og ein samtala om desse forferdelege hendingane.

Ordførarane orienterte om kva tiltak den einskilte kommune hadde sett i verk.

Til slutt overrekte Eilev Erikstein ei rose til Tokke kommune ved Olav Urbø og til alle politikarane ved Anne-Nora.

Sak 45/2011 Referat frå rådsmøte 21. juni 2011

Vedtak: Referat frå rådsmøte 21. juni 2011 vart samrøystes godkjent.

Sak 46/2011 Oppretting av Vest-Telemarkrådet som § 27- samarbeid.

Frå rådmannsutvalet v/Per Dehli låg det føre forslag til sak for kommunestyra om formell oppretting av Vest-Telemarkrådet som § 27 – samarbeid med status som eige rettssubjekt.

Per Dehli orienterte om framlegget som låg ved saksdokumenta.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tilrår kommunestyra å gjere vedtak i samsvar med framlegget frå rådmennene i Vest-Telemark.

Sak 47/2011 Skuletilbudsstruktur vidaregåande skule.

Saken var også oppe i rådsmøte 21. juni 2011 der Vest-Telemarkrådet vedtok å be om forlenga frist i høve til svarfristen 10. august. På bakgrunn av at Telemark fylkeskommune ikkje fann å akseptere slik utsetjing låg det i saksframstillinga føre forslag til moment til innspel frå regionen.

Til møte låg det føre eit skriv dagsett 08.08.11 frå Vest-Telemark vidaregåande skule.

Halvard Ripegut orienterte om saka frå Fylkeskommunen. Endringar i elevtalet krev tilpassing av skuletilbudsstrukturen, og vi må tilpasse oss dei framtidige krava til kompetanse. For Vest-Telemark Vidaregåande skule vil det vera viktig å gje tilbod om kompetanse som det er behov for i Vest-Telemark. Tilbodet må vera dimensjonert ut frå talet på rettselevar og ein må legge vekt på elevane sine ynskje og næringslivets behov. I høyringsbrevet blir det spurt kva for kompetanse ein treng i Telemark, herunder omfang og plassering.

Olav Urbø peika på viktigheten av eit forutsigbart studietilbod som ikkje vert endra ved kortsiktige svingingar i elevtalet.

Solveig Abrahamsen minte om viktigheten av god rådgjevingsteneste og signaliserte ynskje om å vera sterkare med i prosessen omkring skuletilbodstrukturen.

Arne Vinje peika på trongen for god dialog mellom kommunar, fylkeskommunen og næringslivet om utdanningstilbodet. Vi må vera i ein kontinuerleg prosess om dette.

Det vart også fokusert på overgangen mellom grunnskule og vidaregåande skule og trongen for endå betre samarbeid mellom desse to skulenivåa.

Vedtak: Regionrådsleiaren får i oppdrag å utarbeide ei uttale i samarbeid med rådsmedlemene.

Sak 48/2011 Innspel til handlingsprogram for regional plan for nyskaping og næringsutvikling.

Det låg føre invitasjon frå Telemark fylkeskommune adressert til dei enkelte kommunane, ulike offentlege organ samt ei rekkje organisasjonar. (Regionråda var denne gongen ikkje på adresselista.) Invitasjonen galdt innspel til handlingsprogram for regional plan for nyskaping og næringsliv gjeldande for 2012.

Jon Skriubakken gjorde greie for prosessen.

Vedtak: "Vest-Telemarkrådet ber om at næringsgruppa i Vest-Telemark handsamar saka og kjem med framlegg til regionen sine innspel til handlingsprogram for regional plan for nyskaping og næringsutvikling."

Sak 49/2011 Innspel til handlingsprogram for regional plan for reiseliv og opplevingar.

Det låg føre invitasjon frå Telemark fylkeskommune adressert til dei enkelte kommunane, ulike offentlege organ samt ei rekkje organisasjonar. (Regionråda var denne gongen ikkje på adresselista.) Invitasjonen galdt innspel til handlingsprogram for regional plan for reiseliv og opplevingar gjeldande 2012.

Vedtak: "Vest-Telemarkrådet ber om at næringsgruppa i Vest-Telemark handsamar saka og kjem med framlegg til regionen sine innspel til handlingsprogram for regional plan for reiseliv og opplevingar. Rådet tilrår at Næringsgruppa rådfører seg med reiselivsansvarlege i kommunane."

Sak 50/2011 Orienteringssaker.

Møte med fylkesordførar – finansiering strategisk næringsplan.

Torstein Tveito orienterte nærare frå eit møte med fylkesordføraren 24. juni 2011 gjeldande finansiering av strategisk næringsplan. Fylkeskommunen ynskjer ikkje å opprette avtale om rammefinansiering av planen, men ser for seg at mogleg økonomisk medverknad vil skje etter søknad om midlar til dei enkelte prosjekta. (Gjerne fylkesomfattande prosjekt)

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Samhandlingsreformen – mogleg felles møte med kommunestyra.

Samhandlingsreformen inneber nye lovverk som vil få store verknader for kommunane. Det låg føre spørsmål frå samhandlingskoordinator Sissel Bitustøyl om å få til eit mogleg felles orienteringsmøte med kommunestyra for å orientere nærare om saken.

Vedtak: ”Vest-Telemarkrådet ynskjer at det vert felles møte med dei nye kommunestyra i januar 2012”

Politikar 2020.

Kjell Gunnar Heggenes orienterte nærare om status i prosjektet. Politikarveka går av stabelen 19.-20. august 2011 i Bø. Politikarskulen er i ferd med å bli eit høgskulestudie ved HIT.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Nytt frå LVK.

Regionordførar og Olav Urbø orienterte nærare om arbeidet med å få avvikla eigedomsskattetaket fram mot LVK landsmøtet i slutten av august.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Regionrådskonferansen.

Regionrådsleiar orienterte nærare om den komande regionrådskonferansen på Værnes 29. – 30. august. Det er påmeldt om lag 70 deltakarar til konferansen og vår region deltek med 7 personar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Høgfartsbanen

Olav Urbø og Arne Vinje orienterte frå generalforsamling i Norsk Bane AS.

Mange av føresetnadene som Norsk Bane AS har lagt til grunn for ei utbygging av høgfartsbane i Noreg ser ein vert nytta i Jernbaneverket si utgreiing som no er på gang. Det er no ein politisk kamp knytt til kva for banestrekning som fyrst skal byggast ut. Det må no kome ein mobilisering i fylkeskommunen i Telemark for Høgfartsbanen slik ein ser i Rogaland, Buskerud og Hordaland.

USS (Utmarkkommunenes Sammenslutning)

Arne Vinje orienterte om saker som skal opp på Landsmøtet på Geilo.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes, Haldor Kaasin